


# **BJERKREIMS NYTT**



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
MARS 2021**



**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

**BIBLIOTEKET:**

Tlf. 51 45 93 20

[biblioteket@bjerkreim.kommune.no](mailto:biblioteket@bjerkreim.kommune.no)

Me endrar opningstida til biblioteket tysdagar og onsdagar frå og med 8. mars, altså veka etter vinterferien. Opningstidene etter dette blir:

Måndag 15.00 – 19.00

Tysdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)

Onsdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)

Torsdag 12.00 – 15.30

Fredag 12.00 – 15.30

**DIM-RENOVASJON:**

Returpunt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

**FORSIDEFOTO:**

Frå Stavtjørn.

Fotograf: Arne Bjerkreim

**NESTE NUMMER:**

kjem ut seinast torsdag 25. mars. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 16. mars kl. 24.00. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no). Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

**UTGJEVAR:**

Bjerkreim kommune

**KONTAKTPERSON:**

Ingunn Ognedal

**TRYKKING:**

Jærprint

**ANSVARLEG:**

Kulturkontoret

**GRAFISK FORMGIVING:**

Elisabeth Vikeså

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00



# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## HEI, GODE SAMBYGDDINGAR!

Ennå viser Bjerkreim seg frå si flottaste vinterside. Nokon begynner nok å kjenne litt på sakn etter våren. Spesielt når lemminga er i gang hjå enkelte kan det vere litt mykje med kalde blå langt under 10. Andre kan truleg ikkje få nok av islagde vatn, skispor så langt auga kan sjå og vinterstemning i fjellheimen.

Bjerkreim kommune har nå sendt ut invitasjon til «Destinasjon Bjerkreim» arrangement den 25. mars utanfor kulturbanken. Dette har vi gleda oss til å fortelja befolkninga om. Det er ei storsatsing innan reiseliv, mat, overnattingar og aktivitet i Bjerkreim. Heilt konkret vil det vere ein plattform som skal hjelpa alle aktørar «utpå» og hjelpa eksisterande bedrifter til å utvikla seg endå meir innanfor desse områda. Påmeldinga er til undertekna, så bare heng dykk på om det passer inn i planane for di bedrift.

Elles er kommuneplanens samfunnsdel på trappene for høringsinnspel. Det er veldig kjekt om innbyggjarar deltek aktivt med innspel til pågåande planer. Plutseleg er det noko i planen du er ueinig i, da er det viktig at ditt innspel kjem fram. Også arealdelen kjem til rullering, info om når og korleis det kan sendas inn innspel vil bli informert om når den tid er klar.

Det kjem mykje flotte bilete inn til fotokonkuransen, fortsett med dette på Instagram. Det viser verkeleg Bjerkreim sine muligheter for tur og rekreasjon. Sigmund Skjæveland takkar av som markensgeneral. Takk for innsatsen Sigmund. Du vil bli sakna i rollen. Vi håper framtida er lys for deg og dine nærmaste. I denne forbindelse treng vi ein ny dagleg leiar for Bjerkreimsmarken. Er du den rette for jobben? Ta kontakt med undertekna for meir informasjon.

Vi er heldige som har lite lokal smitte med Covid19, vi har så langt også «gått klar» den nye mutanten av Covid. Dette er fordi alle er flinke med å halde reglane om avstand, sosial kontakt og er flinke med handhygiene. Fortsett det gode arbeidet. Hald avstand, lytt til FHI sine retningslinjer og hald deg heime om du er sjuk.

Med ønske om ein fin vinterferie.

Vennleg helsing, Kjetil

### SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET

Ny, digitalisert video er nå lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under Kultur – digitaliserte videoer: Portrettintervju med Fredrik Gjødrem (1999)

### FOTOKONKURRANSE «LYS» FOR SKOLEELEVER!

Ta bilder med tema «LYS» og send inn til Bjerkreim kulturkontor innen 1. mars! Se Bjerkreimsnytt i februar for meir info.

### OFFENTLIG BADETILBUD FRAM TIL PÅSKE 2021 (TIL OG MED 27. MARS)

Det vil være vann i bassenget på Vikeså skule fram til påskeferien. Badetilbud for barneskoleelever mandager og offentlig bading lørdager er åpent hver uke til og med lørdag 27. mars, også i vinterferien.

## POLITISKE MØTE MARS

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

### Gruppemøter:

**Formannskap/administrasjonsutv.:**

**Kommunestyre:**

**LMT-utval (ekstra):**

**Måndag 15. kl. 19.00**

**Tysdag 16. kl. 13.00**

**Tysdag 23. kl. 19.00**

**Onsdag 24. kl. 19.00**



## 13. – 20. MARS I BJERKREIM, EGRSUND OG SOKNDAL

**Fredag 12. mars kl 19:** Åpning av festivalen ved Bjerkreimshallen. Oppstart videomappingprosjekt med ordfører Kjetil Slettebø og kunstner Damian Vega til stede. Musikkinnslag.

**Fredag 12. mars – søndag 14. mars hver kveld kl 19 – 21:** Videomappingprosjekt sendes på veggen av Bjerkreimshallen. Musikkinnslag i forkant.

**Tirsdag 16. mars kl 19.00:** Kirkekonsert med Knut Anders Sørum i Bjerkreim kyrkje. Kr 300,- p.p. Billettsalg [www.egersundkulturhus.no](http://www.egersundkulturhus.no). Foreløpig kun 50 billetter for salg

**Torsdag 18. mars Vikeså skule og fredag 19. mars Bjerkreim skule:** Arkeologiseminar/ workshop med «Arkeologi på Nye Veier» for barneskoleelevene i skoletiden

**Fredag 19. mars Vikeså Skule:** Sjongleringsworkshop med FLAKS sjongleringsgruppe for ungdomsskoleelevene i skoletiden

**Fredag 19. mars kl 19.00:** Fransk Aften på Pittergarden. Lett servering inkludert i billetten. Kr 300,- p.p. Billettsalg [www.egersundkulturhus.no](http://www.egersundkulturhus.no). Foreløpig kun 50 billetter for salg

**Lørdag 20. mars kl 18.00:** «Elvelangs» sykkeløp for familier Bjerkreim – Vikeså. Gratis adgang. Deltakerpremier til alle under 16 år.

Ved fortsatte smitteverntiltak vil det bli påmelding i forkant til Bjerkreim kulturkontor, men ikke begrensninger hvor mange som kan delta.

**Lørdag 20. mars kl 19.00 – 21.00:** Fakkelfest i kulturparken ved Svelavatnet . FLAKS sjongleringsgruppe, eventyrforteller Nina Næsheim , Arkeologi på nye veier, flintsmed, Dalane Friluftsråd, innslag fra kulturskolen, lokale lag og foreninger, utescene, matsalg mm. Lyssetting og 100 fakler. Gratis adgang. Ved behov for smittevern vil det bli påmelding og publikum i puljer på samme måte som i eventyrskogen i november.

**Hele uka:** Skattejakt for barn. Små betonglys laget av kunstner Lene Danielsen gjemmes, barn kan få skattekart fra kulturkontoret og finne lysene. Premier til alle. Vikeså sentrum og Bjerkreim sentrum

**Hele uka:** Fotoutstilling i kulturbanken fra fotokonkurranse med tema «LYS» for barn og ungdom. Åpningstider vil bli kunngjort senere.

## FOTOKONKURRANSE PÅ INSTAGRAM

Bli med på årets fotokonkurranse! Del dine beste bilder fra Bjerkreim med oss på Instagram. Bjerkreimselva, Gloppedalsura, Ørdsalsvatnet og Stavtjørn er kommunens nye «Reiselivsfyrtårn». Del bilder fra disse flotte områdene med oss på Instagram! Bruk emneknagger #bjerkreim2021 og #regionstavanger så er du med i konkurransen. Juryen vil velge ut heldige vinnere 4 ganger i løpet av 2021. Frister for å sende inn bilder: Vinterbilder: innen 10.april. Vårbilder: Innen 31. mai. Sommerbilder: Innen 31. august. Høstbilder: Innen 30. november Se Bjerkreimsnytt i februar for meir info

## BIBLIOTEKET:

Me endrar opningstida til biblioteket tysdagar og onsdagar frå og med 8. mars, altså veka etter vinterferien. Opningstidene etter dette blir:  
Måndag 15.00 – 19.00  
Tysdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)  
Onsdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)  
Torsdag 12.00 – 15.30  
Fredag 12.00 – 15.30



## NY DAGLEG LEIAR FOR BJERKREIMSMARKEN

Bjerkreimsmarken treng ny dagleg leiar. Er dette oppgåva for deg? Arbeidsoppgåver blir spesifisert i arbeidsavtalen med Bjerkreimsmarken. Løn etter avtale. Arbeidstida er sporadisk gjennom året, og hektisk før, under og etter september. Du er sjølvstendig, ansvarsbevisst og arbeidsom. Du bør ha økonomisk og digital kunnskap. Noko leiarerfaring og lokalkjennskap er ønskeleg. Søknadsfrist: 05.03.2021. Send søknad / innspel på kandidatar til: [Kjetil.slettebo@bjerkreim.kommune.no](mailto:Kjetil.slettebo@bjerkreim.kommune.no) eller på telefon 400 01 114

*For styret i Bjerkreimsmarken*

## KRAFTTAK FOR SANG

ALLA  
VEN  
GRETE SALOMONSEN

### SANG FOR MARS

## SÅ LENGE HJERTET BANKER

*Tekst: Grete Salomonsen Melodi: Ragnar Bjerkreim*

Så lenge hjertet banker,  
så lenge pulsen slår,  
så lenge det er dager som kommer og går,  
kan vi som ikke alltid har klart å få det til,  
som aldri helt fikk orden  
på livets store spill,

få sjansen til å starte  
helt på nytt igjen.  
Og den vi gjorde urett,  
kan kanskje bli vår venn.

Der hvor jorda var nyployd og svart i fjor,  
står i år et fargerikt blomsterflor.

Og en dag med gråvær og tordensmell,  
kan få glitrende solskinn før det blir kveld.

Så lenge noen venter,  
så lenge noen spør,  
så lenge lunge det er noen som satser og tør,  
kan mennesker få håpe, og tro at det går an  
å rette opp det vonde de en gang fikk i stand.

Så lenge hjertet banker,  
står en åpen dør  
til nye muligheter  
vi ikke så der før.

Der hvor jorda var nyployd og svart i fjor,  
står i år et fargerikt blomsterflor.

Og en dag med gråvær og tordensmell,  
kan få glitrende solskinn før det blir kveld



### KRAFTTAK MOT KREFT

Onsdag 10. mars vil bygdekvinnebanka på dører i bygda. I år kan vi ikke bruke bøsser, men Kreftforeninga har bedt oss samle inn pengar gitt på VIPPS 491031 eller SMS til nr. 2277 (skriv teksten gi då gir du kr 250,-) Innsamla midlar går til forskning på kreftformer med låg overlevelse. Håper du vil ta vel imot innsamlarane. Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag v/Elsa Vaule og Olaug Nevland

### KVINNEDAGEN

Bygdekvinnelaget markerer den internasjonale kvinnedagen 8. mars. Vi samles for bålkos i Grendabygget bak hallen kl 18:00-20:30

Ta med noe å sitte på samt varme klær etter forholdene. Drøs og pølser på bålet. Påmelding til Liv Karin på tlf. 917 29 184 innen 1. mars.

### ONSDAGSKLUBBEN 3G

Onsdag 3. mars:  
Helleland; Kyrkjestova og Klokkargarden.  
Her kan me kjøpa kaffimat.  
Avreise frå ESSO Vikeså kl 10.00



*Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma*



# INVITASJON

## DESTINASJON BJERKREIM



Ordføreren inviterer til presentasjon av Bjerkreim kommunes største reiselivsatsning noensinne!!

### NATUR LOKALMAT AKTIVITET

Oppdag mer!

Smak mer!

Opplev mer!

**BO**

Drøm mer!

**MER ENN  
DU TRØR**

Gjør mer!

Vikeså - Utendørsarrangement v/Kulturbanken - Kle deg etter været!  
Torsdag 25. mars 2021 Kl. 19:30 - 21:00

Påmelding til: [kjetil.slettebo@bjerkreim.kommune.no](mailto:kjetil.slettebo@bjerkreim.kommune.no)  
(Frist for påmelding 10. mars)



### VIKESÅ MISJONSHUS MARS 2021

- 03. kl 20.00 Bønnesamvær
- 10. kl 19.30 Møte Israelsmisjonen
- 14. kl 11.00 Familiegudstjeneste
- 14. kl 12.00 Sokneårsmøte
- 15. kl 19.00 Yngres og Korvetten
- 17. kl 19.30 Samtalemøte
- 19. kl 20.00 Fredagsklubben
- 20. kl 11.00 Stille dag
- 20. kl 19.30 BKU
- 21. kl 10.30/kl 11.00 Søndagssamling

«Koronareglane» vil avgjera kor vidt desse møta kan haldast eller ikkje.

### BJERKREIM BEDEHUS MARS 2021

Følg med på nettsida;  
[www.bjerkreimbedehus.no](http://www.bjerkreimbedehus.no).  
Dette blir arrangert dersom  
Koronasituasjonen tillet det:

- 8. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 13. kl. 12.00 Bedehusbasar ?
- 15. kl. 19.30 Yngres
- 16. kl. 19.30 Logos bibelundervisning
- 19. kl. 19.30 Møtehelg Normisjon
- 20. kl. 19.00 Lørdagskveld Normisjon
- 21. kl. 11.00 Endelig søndag Normisjon
- kl. 11.15 Søndagsskule
- 22. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 24. kl. 19.30 Møte Samemisjonen
- 25. kl. 19.30 Møte Samemisjonen
- 26. kl. 19.00 Gutte- og jentelagsbasar
- 28. kl. 11.00 Endelig søndag NLM

### SALMEKONKURRANSE

Bjerkreimssalmen 2021  
Vi vil invitere deg til å levere ditt bidrag til en ny salme! Ta utgangspunkt i f.eks. Bjerkreims flotte natur, Guds skaperverk eller Guds trofasthet i en vanskelig tid. Tekst og melodi kan sendes til [post@bjerkreimkyrkja.no](mailto:post@bjerkreimkyrkja.no)  
Frist: 1. juni 2021

## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

**Endringar kan koma, sjå kyrkjesida i Dalane Tidende på fredagar eller bjerkreimkyrkja.no**

**Sundag 7. mars kl. 11.00.**  
Gospelmesse i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 14. mars kl.**

**11.00.** Familiegudsteneste på Vikeså Misjonshus. Diplom til dåpsskuleborna

**Sundag 21. mars**

IKKJE gudsteneste i soknet

**Sundag 28. mars kl. 11.00.**

(palmesundag) Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

## DØYPTE

24.01.21 Elise Knudsen Klungland  
31.01.21 Pia Tengedal Svela  
07.02.21 Vetle Sundvor  
07.02.21 Magne Dahl  
07.02.21 Vilde Idland

## DØDE

31.01.21 Bjørn Vinningland  
05.02.21 Hans Hovland

## SOKNEÅRSMØTE

Møtet 14. mars etter gudstenesta på misjonshuset blir gjennomført så sant retningslinjer for smittevern, gjer det mogleg. Dersom det ikkje blir opna for fleire deltakarar enn 10 personar, blir årsmøtet avlyst. Årsmeldinga blir i staden lagt ut på nettsida – [www.bjerkreimkyrkja.no](http://www.bjerkreimkyrkja.no) med høve til å koma med tilbakemelding innan ein frist. Meir info blir lagt ut på nettsida, så følg med.

## TÅRNAGENTSAMLING

laurdag 20. mars  
kl. 17.00 til kl. 19.30 i og rundt Bjerkreim kyrkje  
Alle barn født 2012 er velkomne til å utforske kyrkja, bibelen og kyrkjetårnet. Kom og løys oppdrag og mysterium. Kos dykk med agentmat. Invitasjon kjem i posten etter kyrkjas medlemsregister, ta kontakt om de ikkje får brev, men har barn i aldersgruppa som vil vera med.

## Jesus bed for oss!

Det er ein fantastisk tanke det at Jesus verkeleg bed for oss alle – me som høyrer han til! (Joh 17, 20-26) Ja tenk det! Han bed for alle! I det kan menneske finne trøyst, håp og glede. Me trenger heile denne kjærleiken som Jesus viste oss, også det at han ba for oss. Kvifor? Jo, fordi det hjelper oss til å leve trygt – og å halde fast på målet.

Det var ei gamal kone. Ho hadde etter kvart ein stor familie. Ho hadde vore aktiv og gjort mykje i løpet av livet sitt, men det var før. Nå var fingrane krokete, kreftene hadde forsvunne. Men ein ting kunne ho fortsatt gjere. Og det var å be. Ho kneppa hendene, og sendte stadig fleire bønner av stad. Og som ho bad! Ho bad for alle sine. Lenge. Gjerne fleire gonger kvar dag og kvar kveld. Ho nemnde kvar og ein med namn. Og ho la ikkje skjul på kva ho gjorde. Alle visste om det. Og på sin eigen måte var det ein god ting. Kvar og ein visste at ho bad for dei. Og på sitt eige underlege vis gav det styrke, trøyst, og håp i kvardagen til kvar enkelt. Ja, sjølv mange år etter at ho var gått bort, var det mange som hugsa – og fekk hjelp av nettopp denne tanken: «som ho bad for oss!»

Verda er ein underleg plass. Den er ofte vanskeleg. Kva som dukkar opp rundt neste sving, veit me ikkje, for me har ein motstandar som gjer det han kan for å øydeleggje. Samstundes veit me og at me har ein Frelsar. Og han vil oss vel! Tenk: Ikkje bare gav han sitt liv for oss. Han bad også. For oss! Og det gjer styrke, trøyst, håp og glede midt oppi alt me står i.

*mvh Leif prest*

| Tekst                             | 2020   | 2019   | 2018   |
|-----------------------------------|--------|--------|--------|
| Dåp                               | 33     | 19     | 36     |
| Vigslar                           | 5      | 6      | 9      |
| Gravferder                        | 14     | 26     | 26     |
| Konfirmantar                      | 37     | 42     | 42     |
| Innmeldingar                      | 3      | 2      | 0      |
| Utmeldingar                       | 2      | 7      | 12     |
| Gudstenester sun- og høgtidsdagar | 43     | 45     | 52     |
| Andre gudstenester                | 7      | 13     | 14     |
| Deltakarar                        | 3065   | 6324   | 6927   |
| Snitt pr. gudst.                  | 61     | 109    | 105    |
| Offer:                            |        |        |        |
| Offer eige arbeid                 | 62210  | 79065  | 75991  |
| Andre føremål                     | 141075 | 227528 | 233920 |
| Gjevarteneste                     | 78000  | 89609  | 82084  |
| Totalt innsamla                   | 281285 | 396202 | 391995 |

## UTDRAG FRÅ KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

*Grunna koronapandemien, er gudstenestedeltakarar og offer lågare enn andre år.*

*I 2020 var det 11 digitale gudstenester. Tilsaman har det vore 58 digitale arrangement med 950 visingar og 10.427 har vore inne på dei.*

*I tillegg kjem direktesende gudstenester på facebook i vår m.a. i påskehøgtida – som vi ikkje har tal på.*

## KONFIRMASJON

Konfirmasjon i Bjerkreim sokn er utsett til hausten:  
**Laurdag 18.09** - konfirmasjon i Bjerkreim kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00 i Ivesdal kyrkje.  
**Laurdag 02.10** – konfirmasjon i Bjerkreim kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.00.

## FASTEAKSJONEN 23. MARS

Ingen skal måtte drikke forureina vatn. Likevel må 785 millionar menneske det kvar dag. La oss bidra saman.  
**SMS: VANN til 2426 (250kr)**  
**VIPPS til 2426**  
**Gavekonto:1594 22 87493**  
Om aksjonsdagen går som vanleg, ta vel imot konfirmantane.

## SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT OG TILSKOT TIL AVLØYSING 2021

### Første søknadsfrist 15.03.21

Søknad om produksjonstilskot består av 2 delar, del 1 med søknadsfrist 15.03.21 og del 2 med søknadsfrist 15.10.21. På same måte som i fjor haust, skal søknadsfristane praktiserast fleksibelt, slik at du kan levera heilt fram til 29.03.21, men **du får eit trekk på kr. 1 000,- pr. dag du leverer etter 15.03.21.** Du kan og korrigerer søknaden fram til 29.03.21 - utan økonomiske sanksjonar.

Du skal nå søkja tilskot til:

- Husdyrtilskot: halvt tilskot til alle dyreslag, med unntak for alle sauene som får fullt tilskot ved denne søknadsomgangen.
- Dette gjeld også i høve til grunnlaget for avløysartilskotet for heile 2021.
- Du skal ikkje søkja om avløysartilskot før i oktober.**
- Definisjonen av sau er nå «sau født året før eller tidlegare». Det betyr at både påsettlam og «blålam» får husdyrtilskot dersom du har desse fram til 01.03. Fjorårslam som vert slakta etter 01.03 får ikkje lammeslakttilskot. Med andre ord så får ein ikkje i «pose og sekk». Tilskot til lammeslakt er redusert til 450 kr frå og med 2019.
- Opplysningar om slaktedyr, gris og kylling vert henta frå leveransedatabasen, så det einaste du treng å gjera er å kryssa av for at du vil søkja tilskot for desse dyra.
- Du søker også om driftstilskot for mjølkeproduksjon og spesialisert kjøttfeproduksjon, samt tilskot til små om mellomstore mjølkebruk ved denne søknadsomgangen. Dette er tilskot som vert berekna

automatisk med grunnlag i det dyretallet du søker på i høve til mjølkekyr og ammekyr.

- Husk at både mjølkekyr og ammekyr må ha kalva minst ei gong dei siste 15 månadene, for å verta rekna som kyr. Dei som har lengre kalvingsintervall, vert då rekna som øvrige storfe.**
- Ver nøye når du fører opp dyr!**
- Me finn ennå feil på kontrollane, og avkortar tilskot på grunn av feilføring.**

### Ved søknad på del 2 i oktober 2021, skal ein søkja på:

- Husdyrtilskot, unnateke sau
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot mjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Avløysartilskot
- Beitetilskot for 16 veker beite, her må ein vera nøye å berre føra opp dei dyra som faktisk har vore ute på beite i 16 veker.
- Beitetilskot på utmark i minimum 5 veker.

**Me må oppfordra dykk til å vera nøye med utfylling av søknaden. Me opplever at fleire er litt omtrentlege, og dermed resulterer det i avkorting av tilskot. Alle dyretal SKAL vera korrekte, og me anbefaler fysisk teljing av dyra før ein fyller ut søknaden.**

Landbrukskontoret vil framleis kunna rettleia dykk i søknadsprosessen, og forklara korleis de skal gå fram. Dei som treng meir hjelp, kan ta med bank-id-brikka til landbrukskontoret så vil me hjelpa til med utfylling av søknaden. Det er også høve til å levera søknad på papir.

Lurer du på noko - ta kontakt med Svein Olav 51201173/99021019, Kjell 51201172 eller Gerd 51201170. Det er betre å kontakta oss ei gong for mykje, enn ei gong for lite.

### Lukka til !

**Husk å sjekke om du har nok SPREIEAREAL før du tek i mot gjødsel frå andre foretak !**

Statsforvaltaren i Rogaland har via fagtidsskriftet Bondevennen, signalisert at dei har starta opp eit arbeid med kontroll av om kravet til spreieareal vert følgt.

Heilt konkret er dei i ferd med å kontrollera nokre større husdyrbruk og kontrollerer i «vifte-formasjon». Det betyr at dersom du til dømes har teke i mot hønse-/kyllinggjødsel frå ein produsent, så kan Statsforvaltaren kontrollera om også du har nok spreieareal for den samla gjødselmengden du disponerer i året. Det vert også sjekka om du har disponert dei mottekne gjødsel-mengdene i gjødselplanen, om dei beitene du har kjørt gjødsel på, er godkjent med meir. For lite spreieareal kan gje avkorting i produksjons-tilskotet og/eller underkjenning av gjødselplanen.

### Husk kravet om ÅRLEG GJØDSELPLAN!

Så og sei alle foretak i Bjerkreim kommune har krav om årleg gjødselplan, og då meiner me årleg plan. Det held ikkje å berre stryka over årstalet og skriva opp eit nytt tal. Planen skal lagast på ny kvart år, og då er det viktig å ha ein plan som du vil nytta, og ikkje ein plan for «skrivebordsskuffa». Formålet med gjødselplanen er at du som bonde skal få ei så agronomisk og økonomisk gjødsling som mogleg!

## INFORMASJON

Når du trenger **fotograf, innramming** eller hjelp til noe **fotorelatert**...  
Vi benytter alt fra **120 år gamle kamera** til dagens moderne **digitale løsninger**.



# Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på hanmedhattenfoto

Les av med mobilkamera

Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

### PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmåsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn


Arkitekter MNAL, NIL. [www.arkaarberg.no](http://www.arkaarberg.no). Tlf 481 81 804





# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA



*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
[www.gitaroghandverk.no](http://www.gitaroghandverk.no)

## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
[solberg@advokat1.com](mailto:solberg@advokat1.com), [www.advokat1.com](http://www.advokat1.com)

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!



### EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ  
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK  
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM  
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ  
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!